

HARDANGERRÅDET HELD KURS FOR ETABLERAREN HAUSTEN 2016

Tenkjer du på å starta di eiga verksemd? Har du allereie starta opp, men vil læra meir om mellom anna budsjett, marknadsføring og rekneskap? Då har du høve til å melda deg på kurs i Norheimsund!

Prisar:

Pris grunnkurs: kr.1 200
Kurs 5 undervisningstimar: kr. 500
Kurs 3 undervisningstimar: kr. 300

Kurshaldar:

Tone Sjøgaard

Påmeldingsfrist:

Grunnkurs: 17. oktober
Andre kurs: 1 veke før kurset startar opp

Informasjon og påmelding:

E-post: tone@handalag.no Tlf: 915 53 338

Dato	Kurs	Tid
29. og 30. oktober	Grunnkurs for etableraren - kva må til? - innføring i forretningsplanen	10.00 – 16.00 10.00 – 16.00
4. november	Sal og marknadsføring - innføring - arbeid med eiga bedrift	17.00 – 20.00
5.november	Budsjettarbeidet - investering - finansieringsplan - driftsbudsjett - likviditetsbudsjett	10.00 – 15.00
18.november	Prising – av produkt og tenester	17.00 – 20.00
19.november	Budsjettarbeid i praksis - arbeid og gjennomgang av eigne budsjett	10.00 – 15.00
26.november	Sentrale økonomiske omgrep - kva fortel balansen?	10.00 – 13.00
26.november	Forstå rekneskapen - enkel rekneskapsanalyse	13.15 – 16.00

KURSOMTALE:

- Grunnkurs for etablerarar, 12 undervisningstimar.
Kurset tek sikte på å vera med på å klargjera om etablering av eiga bedrift er det kursdeltakarane vil ("skal, skal ikkje"). Drøfting i høve kva føresetnader som må vera til stades og gjennomgang av forretningsplanen.
- Kurs i sal og marknadsføring, 3 undervisningstimar.
Gjennomgang av ulike analyseverktøy, marknadsføring og salsaktivitetar, samt arbeid med eiga bedrift.
- Kurs i budsjettarbeid, 5 undervisningstimar
Kurset tek sikte på å gje ei grunnleggande forståing av ulike budsjett og dei økonomiske omgrep som budsjettarbeid er tufta på. Det vert ei gjennomgang av investeringsbudsjett me tilhøyrande finansieringsplan, driftsbudsjett og likviditetsbudsjett.
- Prising av produkt og tenester, 3 undervisningstimar
Kva er rett pris ? Kurset tek utgangspunkt i budsjett og kostnadskalkyler og drøftar marknad,- og konkurrentanalyser som verktøy for prissetting.
- Kurs i praktisk budsjettarbeid, 5 undervisningstimar.
Kurset føreset at deltakarane har kjennskap til økonomiske omgrep som budsjettarbeid er tufta på. Deltakarane skal gjennom kurset arbeida med egne budsjett. Budsjettarbeida vil i etterkant verta drøfta i fellesskap, der ein fokuserer på ulike problemstillingar samt føretek ei grundig analyse av budsjetta.
- Sentrale økonomiske omgrep, kva fortel balansen? 3 undervisningstimar.
Kurset tek sikte på å gjera deltakarane kjende med, og forstå, sentrale bedriftsøkonomiske omgrep, til bruk i kostnads- og inntektsanalyser. Vidare vil kurset drøfta balansen, kva fortel den, og korleis verkar driftsresultat og andre økonomiske disponeringar inn på denne.
- Forstå rekneskapen, enkel rekneskapsanalyse, 3 undervisningstimar.
Korleis heng budsjett, rekneskap og balanse saman ? Kva fortel rekneskapen ? Korleis nyttar ein rekneskapen m/avvik for å betra budsjettarbeidet ? Kurset tek sikte på å gjera deltakarane kjende med, og kunna nytta rekneskapen som analyseverktøy.

** For å få hjelp til å utarbeida ein eigen forretningsplan vil det vera lønsamt å melda seg på heile kursrekka*